

Erklæring om rett i fast eiendom ¹

Innsendar sitt namn (rekvirent):	Plass for tinglysingsstempel
Adresse:	
Postnummer: Poststad:	
Fødselsnr./Org.nr. Ref.nr.	

1. Heimelshavar (til eiendomen som retten skal hefte på)	
Namn Harald Andreas Skarpenes	Fødselsnr./org.nr. (11/9 siffer)

2. Eigedom (der retten skal hefte) ³					
Kommunenr. 1256	Kommunenamn Meland	Gnr. 41	Bnr. 61	Fnr.	Snr.

3. Rettshavar – fyll ut anten alternativ A eller B						
A	Rett for fast eiendom (reell servitutt) ⁴					
	Kommunenr.	Kommunenamn	Gnr.	Bnr.	Fnr.	Snr.
	1256	Meland	41	1		
	1256	Meland	41	35		
	1256	Meland	41	56		
B	Rett for person (personleg servitutt/pengehefte)					
	Namn			Fødselsnr./Org.nr. (11/9 siffer)		

Dato 2-3-2017	Heimelshavar si underskrift ⁵ 
------------------	--

4. Skildring av kva retten går ut på⁶

Vegrett over 41/61 forbi garasje i samsvar med vedlagt kart.

Vedlegg: Kart/skisse som viser tenande eigedom og retten teikna inn
(OBS! Viktig dersom retten er knytt til ein fysisk del av eigedomen)

Ja Nei

5. Andre avtalar (som ikkje skal tinglysast)⁷

6. Underskrifter

Stad og dato

Heimelshavar si underskrift⁸

Notar:

- 1) Dette skjemaet kan brukast for tinglysing av rettar i fast eigedom, som til dømes vegrett, jaktrett, burett, forkjøpsrett og liknande. Kva rettar som kan tinglysast vert regulert av tinglysingslova § 12. Skjemaet må fyllast ut i to eksemplar og sendast til følgjande adresse: **Kartverket Tinglysing, Postboks 600 Sentrum, 3507 Hønefoss**. Det eine eksemplaret vert arkivert hjå Kartverket, medan det andre eksemplaret vert returnert til innsendar (rekvirent) påført tinglysingsattest.
- 2) Rekvirenten er den som sender inn dokumentet for tinglysing. Denne vil få det ferdig tinglyste dokumentet tilbake, og faktura for tinglysingsgebyret.
- 3) Eigedomen der retten ligg.
- 4) Retten vil følgje eigedomen uavhengig av kven som er eller vert eigar av denne, jf. avhendingslova § 3-4 andre ledd bokstav d.
- 5) Formålet med denne underskrifta er å sikre at heimelshavaren har sett begge sider av dokumentet.
- 6) Retten må skildrast nøyaktig i tekstleg form, jf. tinglysingslova § 8, jf. forskrift om tinglysing § 4 (klarhet og form). Dersom retten er knytt til ein fysisk del av ein fast eigedom skal han stadfestast, og han bør teiknast inn på kart eller skisse over eigedomen.
- 7) Det er ikkje nødvendig å fylla ut dette feltet.
- 8) Den som signerer må ha grunnboksheimel til eigedomen der retten ligg. Dersom det er fleire som har heimel til eigedomen, må alle skriva under, eller det må leggjast ved fullmakt frå den eller dei som ikkje underskriv

Oppsummering og fråsegn frå landmålaren

Landmålaren vurderer og gjev ev. kommentarar til: • løyve • rekvisisjonen • varsel om oppmålingsforretninga • førebuing av oppmålingsforretninga • oppmålingsforretninga • måle- og berekningsarbeid • fakturering • etablering/sletting av rettar • matrikul tinglysing • utsending av matrikelbrev • klagerett og fristar

Harald A. Skarpenes har 23.01.2017 rekvirert oppmålingsforretning med grensejustering mellom 41/1 og 41/61. Han er grunneigar av begge eigedomane.

Oppmålingsforretning vart halde 15.02.2017. Ved forretninga møtte Eli og Harald Skarpenes. Det var ingen fleire som var varsla ved forretninga.

41/61 er oppretta ved skyldskifte i 1972. Ingen av dei gamle grensemerka var råd å finna, men Harald Skarpenes påviste kor han meinte grensa gjekk. Utifrå påvisinga og skylddelingsmål vart 41/61 rekonstruert. Det vart sett ned nytt grensemerke i jordfast stein i sørvestre hjørne av 41/61, grensepunkt 61-1. Her var også eit gammalt gjerde. Vidare vart det sett ned nytt grensemerke i nordvestre hjørne, grensepunkt 61-2, og i nordaustre hjørne i vegkant, grensepunkt 61-7. Det søraustre hjørne, grensepunkt 61-10, var ikkje hensiktsmessig å merka.

Utifrå rekonstruksjonen av 41/61 er arealet oppmålt og utrekna til 3036,2 m2. I skyldskiftet er arealet oppgitt til 3 dekar. Skarpenes ønskjer å justera grensa mellom 41/1 og 41/61 slik at garasjen vert ståande på 41/61. Det er to hovudvilkår for å kunne gjennomføra saka som ei grensejustering: 1: Arealet som vert justert må ikkje utgjera meir enn 5 % av den minste eigedomen. 2: Verdien av det overførte arealet må ikkje overstiga grunnbeløpet i folketrygda (1G).

Arealet rundt garasjen vart merka og oppmålt til 165,3 m2. Vidare vart ein trekant i søraustre hjørne av 41/61 overført frå 41/61 til 41/1. Dette arealet er utrekna til 94,4 m2. Netto justert areal frå 41/1 til 41/61 vert då 70,9 m2, noko som utgjør 2,3 % av 41/61, dvs at hovudvilkår nr 1 er oppfylt. Når det gjeld prisvurdering, legg kommunen til grunn ein kvadratmeterpris på kr 100, dvs at hovudvilkår nr 2 også er oppfylt.

Vegen som går forbi innkøyringa til garasjen fører fram til parsellane 41/35 og 41/56. I tillegg nyttar hovudbruket, 41/1, denne vegen. Desse tre bruksnummera må få tinglyst vegrett over 41/61 i ei lengd på omlag 13 m forbi garasjen. Fordeling av vedlikehaldskostnader på vegen er ei privatrettsleg sak som bør avklarast mellom dei involverte partane.


Kommunen har matrikkelført grensejusteringa og skrive ut nytt matrikelbrev for 41/61 som vert sendt eigar.

Eigar av 41/1 og 41/61 må godkjenna grensejusteringa med underskrift på protokollen.

Grensemålingane er utført med Topcon Hiper GNSS/CPOS og Leica 1205+ totalstasjon. Målingane tilfredsstillir krava til nøyaktighet som er sett i eigedomsstandarden.

.....

Grensejusteringa mellom 41/1 og 41/61 vert med dette godkjent.


Eigar av 41/1 og 41/61

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....

.....

Sted	Dato	Underskrift
Frekhaug	16.02.2017	